



Beinavikjø vert mindre og Trelastlageret større!

Ein av dei mest tradisjonsrike verksemdar i Uskedalen -Trelastlageret- er i medvind. Både nede i Beinavikjø og oppe i sentrum er det opprusting på gang og framtidsutsiktene er gode. I vika er det ein kronglete adkomst med bil og det har lett for å oppstå kø når ein skal til og frå. Det vert det no gjort noko med. Musland maskin lagar ei utfylling og dermed vert den 3 mål store tomte 200 kvadratmeter større. Det var i 1976 Trelastlageret etablerte seg i Beinavikjø,

Det er den auka aktiviteten i firmaet som har gjort det naudsynt å få meir plass.No er det ikkje lett for store transportmidlar å komma fram. Staben i Trelastlageret er 7 tilsette og det vert ikkje planlagt å utvide den med det første.Det går mest i rehabiliteringsoppdrag og dei er å finna over heile kommunen. Oppe i Fjellhaugen er det imidlertid eit nytt hyttebygg på gang.

I butikken skjer det ein omfattande rehabilitering og førebels er malingsavdelingen gjort meir innbydande. No står resten av butikken for tur og det som skjer er eit resultat av større salg til område utanom Uskedalen. Herøysund er til dømes ein god marknad og det kjem også kundar frå Husnes.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Malingsavdelingen har vorte meir innbydande